

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 27.04.2021

Arkivsaksnr.: 21/109-7

Saksnr.: 26/21

Saksprotokoll - Plan og forvaltningsutvalet - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker 2021

Handsaming:

Dette gir følgjande vedtak:

A. Skriv og meldingar

1. Vedtak i klagesak som gjeld endring av støttemur på gbnr. 17/166 i Sogndal kommune, Stasforvaltaren i Vestland (arkivsak 20/10019)

B. Drøftingar

1. Evaluering av Plan og forvaltningsutvalet 2020

C. Orienteringar

1. Bru over Ese-fjorden, Vestland fylkeskommune v/Ingar Hals
2. Bruk av kommunekart – gjeldande planar

D. Spørsmål frå representantane

Arne Glenn Flåten (H)

- Parkering av gaffeltruck i delvis i gangveg ved eigedom ved Solhov
Kommunen tek dette vidare
- Trav-bana – masselagring/deponi. Er det det det gjort avtale i forhold til tid?
Adminstrasjon føl dette opp.

Malene Røysum (Sp)

- Brannstasjon på Hanahaug?
Arbeidstilsynet har sett krav om arbeidsmiljø som ikkje er tilfredsstillande på eksisterande bygg. Det er førebels 3 alternativ som er under vurdering.
Adminstrasjon skal orientere plan og forvaltningsutvalet i neste møte.
- Reguleringsplan Strandavegen?
Er under arbeid/vurdering

- Bustadfelt Henjabakkane?
Pga. kapasitet har dette ikkje blitt prioritert. I samband med arealdelen skal arealbruken i kvar tettstad vurderast opp mot måla i samfunnsplanen.
- Områderegulering Hodlekve
Administrasjonen har teke inaktiv til møte med eigargruppe.
- Rekkefølgekrav gang- og sykkelveg Stadheimgarden. Status?
Rekkefølgekrav om gang og sykkelveg frå tidlegare Leikanger kommune er uklart, og det er ikkje kjend om det har blitt gitt dispensasjon frå kravet ved byggeløyver for tiltak i reguleringsplan for Stadheimgarden.

Stig Ove Ølmheim (Ap)

- Forureining og ulovleg bygging på omtala område.
Administrasjon har gitt pålegg til grunneigar.

Rita Navarsete (Frp)

- Terrasse/altan på Leighota
Administrasjon ved byggeigar føl opp dette.
- Kloakk-utslepp langs ved fjordstien
Oppgradering av vatn og avløp vert teke i samband med utbetring/utbygging av Gravensteinsgata.
- Næringsareal på Kaupanger
Spørsmålet vert teke vidare i formannskapet onsdag 28.04.2021
- Hjort på Kaupanger
Det vart gitt generelt skadefellingsløyve i 2019, som vart fulgt opp av ettersøkslaget.

Vedlegg:

Til punkt: A1